



Arkivnr: 2014/927-15

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Finansrapport 2. tertial 2017

Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld er om lag 10,3 mrd. kr. 45,7 % av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på lengre sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen er 2,25 %, som er 0,07 % lågare enn etter 1. tertial.

Økonomi: Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett. Det er venta innsparing på netto renteutgifter i storleiksorden 5 mill. kr.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen verknader

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2017 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Finansrapport Bergen Capital Management

Fylkesrådmannen, 05.09.2017

Det er ikkje teke opp nye lån i 2. tertial, men fleire av sertifikatlåna er blitt refinansierte.


Lånegjeld

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt*
Lånesaldo 1. januar	9 879 691	197 000
Nye låneopptak i 2017	440 000	0
Avdrag	0	0
Lånesaldo 31. august	10 319 691	197 000

* Bompengeprosjekt omfattar E134 Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai, der fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap".

Låneporteføljen fordeler seg slik:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451 000	23,7 %
Obligasjonslån	10	4 210 000	40,8 %
Kommunalbanken (langsiktige)	12	3 658 691	35,5 %
Totalt	29	10 319 691	100,0 %



Nye låneopptak dei siste åra har for det meste blitt gjort i form av obligasjonslån. Denne lånetypen utgjør no i overkant av 40% av samla låneportefølje, og har dermed passert kommunalbanklån, som største lånekjelde.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken opptre som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 109,2 % av driftsinntektene. Dette er høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 68,9 % av driftsinntektene. Gjeldsgraden for Hordaland auka frå 101,6 % i 2015.

Ein ventar at Hordaland i 2017 vil kome opp i ein gjeldsgrad på i overkant av 113 %.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	30. apr. 2017		31. aug. 2017	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med rentebinding over 1 år	4 941 000	47,9 %	4 711 000	45,7 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	5 378 691	52,1 %	5 608 691	54,3 %
Totale lån	10 319 691	100,0 %	10 319 691	100,0 %

Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av august hadde 45,7 % av låneporteføljen fast rente. Endringa sidan 1. tertial skuldast at eitt av låna med bunden rente har endra klassifisering sidan det er blitt mindre enn 1 år igjen av bindingstida.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen har i løpet av 2. tertial gått ned frå 2,32 % til 2,25 %.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr. 31. august er bindingstida 1,7 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 41,9 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2017.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	4 328 691	12	41,9 %
2018	1 280 000	4	12,4 %
2019	951 000	3	9,2 %
2020	1 005 000	3	9,7 %
2021	1 495 000	4	14,5 %
2022-	1 260 000	3	12,2 %
Total	10 319 691	29	100,0 %

Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	2 451 000	7	23,8 %
2018	1 280 000	4	12,4 %
2019	1 540 000	4	14,9 %
2020	1 005 000	3	9,7 %
2021	1 483 000	4	14,4 %
2022	813 300	2	7,9 %
2023-	1 747 391	5	16,9 %
Total	10 319 691	29	100,0 %

Pr. 31. august har fylkeskommunen 6 sertifikatlån og 1 kortsiktig lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Tre av låna har løpetid på 3 mnd. og fire på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 3 - 10 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. Nedanfor er vist eit detaljert oversyn over lån som har forfall dei komande 12 månadene. I tillegg til sertifikatlåna, er det 4 langsiktige lån som har forfall. Eit kommunalbanklån på 300 mill. kr, som har forfall i november, vil ikkje bli refinansiert, men innfridd som del av årets budsjetterte avdrag.

For tre av setifikatlåna har ein «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

Forfallsdato	Type lån	Beløp	Kommentar
29.09.2017	Sertifikat 3 mnd.	221 000	Rulleringsavtale
01.10.2017	Obligasjonslån 2013/2017	425 000	
27.10.2017	Sertifikat 12 mnd.	350 000	
30.10.2017	Sertifikat 3 mnd.	345 000	Rulleringsavtale
21.11.2017	Kommunalbanken 2007/2017	300 000	Del av årets avdrag
22.11.2017	Sertifikat 3 mnd.	340 000	Rulleringsavtale
23.11.2017	Kommunalbanken sertifikatvilkår 12 mnd.	470 000	
16.03.2018	Sertifikat 12 mnd.	390 000	
16.04.2018	Kommunalbanken 2008/2018	325 000	
08.06.2018	Sertifikat 12 mnd.	335 000	
23.08.2018	Kommunalbanken 2013/2018	230 000	
TOTALT		3 731 000	

Likvide midlar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar ved utgangen av august:

	Apr. 2017	Aug. 2017
Pengemarknadsfond	150 855	150 855
Ordinære bankinnskot	1 144 295	495 332
Skattetrekksmidlar	74 480	205 484
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	552 538	665 039
Bankkonti bompengeprojekt	135 791	145 986
Sum innskot og fond	2 057 960	1 662 695
Kassabeholdningar	22 561	22 010
Sum likvide midlar	2 080 520	1 684 706

Likvide midlar er redusert med nær 400 mill. kr sidan april, og var ved utgangen av august 1 684,7 mill. kr. Ein er dermed tilbake til ein meir «normal» situasjon enn i april, då likvide midlar utgjorde meir enn 2 mrd. kr.

Av likvide midlar har ein plassert 150 mill. kr i ulike pengemarknadsfond. Avkastninga i 1. halvår var 1,24 mill. kr, som tilsvarer 1,65 % på årsbasis. Dette er 0,28 % meir enn ein ville fått ved å ha midlane ståande på konsernkontoen.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 31. august, ville ein renteauke på 1 % ha medført auke i renteutgiftene på om lag 39 mill. kr dei neste 12 månadene. Rente av bankinnskot, utlån og rentekompensasjon ville ha auka med om lag 29 mill. kr, slik at verknaden på netto renteutgifter ville ha vore 10 mill. kr.

Ved utgangen av april var verknaden av renteauke nesten like stor på inntektssida som på utgiftssida. Endringa sidan den gong skuldast reduksjon i bankinnskot og at nokre av låna med fast rente nærmar seg utløpet av bindingsperioden.

Prognose i høve til budsjett

Rentenivået har hatt ei gunstig utvikling i 2017. Det ser ut til å gå mot ei innsparing i storleiksorden 5 mill. kr.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei oppstilling av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.